Seljord kommune

Møteinnkalling

Til medlemene i Administrasjonsutval

Det vert med dette kalla inn til / gjort kjent med møte i Administrasjonsutval

Møtestad:	Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato:	09.11.2017
Tid:	09:00

Dersom De ikkje kan møte, ber ein om at De melder frå til sentralbordet snarast råd.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 16/17	Evaluering av rådmannstilsettinga	
PS 17/17	Orientering om sjukefråværet i Seljord kommune i 2017	

Saker til handsaming

PS 16/17 Evaluering av rådmannstilsettinga

Seljord kommune

Arkiv: 411
Saksnr.: 2017/224-18
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen

Direkte tlf.: 35065130
Dato: 30.10.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Administrasjonsutval	16/17	09.11.2017

Evaluering av rådmannstilsettinga

Saksdokument:

Saksutgreiing:

I administrasjonsutvalets møte 14.09. kom det innspel frå både politiske medlem og arbeidstakarrepresentantmedlem at ein ynskte ei sak i neste administrasjonsutval der heile rådmannstilsettinga i 2017 vart evaluert.

Det vart presisert at val av rekrutteringsbyrå og heile økonomien i tilsettinga var sentrale punkt ein måtte sjå nærmare på i denne evalueringa. I tillegg er det viktig å sjå på kva som ein tenkjer at fungerte godt og kva som ein kan bli betre på. Ein bør og evaluere om tilsettingsprosessen vart gjennomført i tråd med krav til tilsettingsprosess i kommunal sektor og etter Arbeidsmiljølovas § 14.

Saka blir lagt fram til drøfting og evaluering i møtet.

Rådmannen si tilråding:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Utskrift til:

Seljord kommune

Arkiv: 461
Saksnr.: 2017/1883-1
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen

Direkte tlf.: 35065130
Dato: 16.11.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Administrasjonsutval	17/17	09.11.2017

Orientering om sjukefråværet i Seljord kommune i 2017

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Seljord kommune jobbar strategisk med sjukefråværet i kommunen. Statistikken syner ein nedgang i det legemelde sjukefråveret i løpet av 2017, der fråværet i fyrste kvartal var på 8,33 % og på 6,24 % i andre kvartal. Nasjonalt måltal for legemeldt sjukefråvær er 5,6%.

I løpet av hausten 2016 og vinteren 2017 var personalavdelinga saman med lokalt NAV-kontor og IA-rådgjevaren for Vest Telemark på informasjonsrunde på alle avdelingar i kommunen, der ein møtte avdelingsleiarar, lokalt verneombod og plasstillitsvald og orienterte om arbeidstakar og arbeidsgjevars rettigheiter og pliktar i samband med sjukefråvær, kva for ordningar ein kan søke om støtte frå NAV til og kva ein kan gjere av tiltak for å få sjukefråværet frå jobb til å bli kortare.

I april i år arrangerte personalavdelinga saman med lokal verneteneste to halve dagar der fokus var arbeidsmiljø. Dei som var inviterte til desse samlingane var avdelingsleiarar, tillitsvalde og verneombod ved dei ulike avdelingane i kommunen.

I tillegg følgjer kommunalsjefar og personalavdelinga spesielt opp dei avdelingar som ein ser at over tid slit med høgt sjukefråvær.

Personalavdelinga vil leggje fram tal for tredje kvartal i møtet.

Rådmannen si tilråding:

Saka blir lagt fram til orientering for administrasjonsutvalet.

Utskrift til: